
Vår referanse 2021/4226-2
Dato 05.02.2021

ERLING ÅRSETH
SKARSVEGEN 77
5911 ALVERSUND

Løyve - dispensasjon frå byggegrense - tilbygg og terrasse - gnr 139 bnr 64 - fv 5476 Skarsvegen - Alver kommune

Vi viser til søknad av 04.02.2021.

Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5476 Skarsvegen for å oppføre tilbygg/terrasse på gnr. 139 bnr. 64 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 04.02.2021.
2. Avstanden frå tiltak (inkludert takutspring) til senterlina på Skarsvegen skal vera minst 44 meter.
3. Dersom tiltak vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltak må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Det er søkt om å oppføre tilbygg/terrasse på eksisterande bustadeigedom av gnr 139 bnr. 64 i Alver kommune. Omsøkt eigedom er uregulert, og det er difor naudsynt med ein dispensasjon etter veglova for tiltak nærare enn 50 meter frå fylkesvegen.

Tiltak vil føre til ei utviding i breidda på huset på 5 meter, og vil på det næraste kome 44 meter frå senterlina på fylkesveg 5476 Skarsvegen. Det er allereie etablert nabohus nærare vegen enn 44 meter.

Vi kan ikkje sjå nokon negative verknadar knytt til trafikktryggleiken på staden som følgje av omsøkt tiltak. Vestland fylkeskommune innvilger difor dispensasjon frå byggegrense og gir løyve til oppføring av tiltak slik vist i situasjonsplan datert 4.2.2021.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift